



Hardangerrådet iks



Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

MRK Investeringsprogram for fylkesvegnettet til RTP
MRK 2017/4336

Uttale frå Hardangerrådet vedr. forslag til Investeringsprogram for fylkesvegnettet til RTP – MRK 2017/4336

Hardangerrådet gjev si støtte til hovudkonklusjonane og prinsippet om porteføljestyring i Investeringsprogrammet til Regional transportplan 2018 – 2029.

I dei ulike Hardangerkommunane/herada sine eigne høyringsuttalar vert det kommentert ønskje vedr. ein skilde tiltak i kvar kommune/herad. Hardangerrådet viser her til kommunane sine eigne prioriteringar.

Hardangerrådet vil påpeika behovet for investering i nye offentlege toalett i Hardanger. Turisttrafikken til Hardanger, både ein skildreisande og bussgrupper, har auka vesentleg dei siste åra. Alle prognoser tyder på at auken vil halda fram i åra som kjem. For Hardangerregionen har dette medført store utfordringar mht kapasitet samt drift og vedlikehald av offentlege toalett. Manglande kapasitet har ført til uhaldbare situasjonar i tilknytning til store stoppestader/attraksjonar der turistar forsøplar privat og offentleg eigedom som vert nytta til toalettferemål. For å byggja opp ein tilstrekkeleg kapasitet på offentlege toalett ber Hardangerrådet om at det i denne omgang vert avsett 4 mill av investeringsramma til oppbygging av offentlege toalettanlegg på sentrale stader i Hardangerregionen. Slike anlegg må driftast gjennom avgift frå besøkjande og i tilknytning til anna verksemd som t.d. kioskdrift.

Kinsarvik 20.10.2017

Jostein Eitrheim
Dagleg leiar i Hardangerrådet iks.
Hardangerrådet iks signerar digitalt